

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 21.12.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/21	Utval for næringsutvikling og drift	06.01.2021

## Meldingar og orienteringar

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

### Utval for næringsutvikling og drift 06.01.2021:

#### Handsaming:

- Vegard R. Sjursen i konsulentselskapet EY orienterte om scenarioanalyse Alver/Nordhordland.

- Kommunalsjef samfunnsutvikling Hogne Haugsdal orienterte om organiseringa av næringsarbeidet/næringsssjef-stillinga.

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.*

*Utvalet vil peika på viktigheita av at fungerande næringsssjef og dei andre i næringssteamet får tilstrekkeleg tid og fokus på næring og utvikling og vil be om at dette vert kontinuerleg vaka over og optimalisert.*

*Etter tydelege signal frå næringslivet og Nordhordland Næringslag, er Utval for næringsutvikling og drift sterkt uroa for situasjonen kring handsaming av byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen. Situasjonen er no så alvorleg at fleire aktørar må gå til permitteringar medan ein ventar på avklaring i prosjekt som kunne vore starta om sakshandsaminga var raskare.*

*Utvalet vil be administrasjonen om å få på plass nok ressursar for å handtera situasjonen snarast råd, gjerne først gjennom innleige av personell og så tilsetjing. Om naudsynt, ber utvalet om at formannskapet nyttar si fullmakt frå kommunestyret til å avvika frå stillingsstopp i kommunen. Dette hastar, og det er trong for avklaring og iverksetjing snarast råd. Dersom ein ventar til februar eller seinare med dette, er utvalet uroa for konsekvensane for verksemder og tilsette innan eigedomsutvikling og bygg- og anlegg i kommunen.*

Framlegg sett fram i møtet vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget frå Stian Lavik fekk 7 røyster og samrøystes vedteke.

### ND- 022/21 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet vil peika på viktigheita av at fungerande næringsssjef og dei andre i næringssteamet får tilstrekkeleg tid og fokus på næring og utvikling og vil be om at dette vert kontinuerleg

vaka over og optimalisert.

Etter tydelege signal frå næringslivet og Nordhordland Næringslag, er Utval for næringsutvikling og drift sterkt uroa for situasjonen kring handsaming av byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen. Situasjonen er no så alvorleg at fleire aktørar må gå til permitteringer medan ein ventar på avklaring i prosjekt som kunne vore starta om sakshandsaminga var raskare.

Utvalet vil be administrasjonen om å få på plass nok ressursar for å handtera situasjonen snarast råd, gjerne først gjennom innleige av personell og så tilsetjing. Om naudsynt, ber utvalet om at formannskapet nyttar si fullmakt frå kommunestyret til å avvika frå stillingsstopp i kommunen. Dette hastar, og det er trong for avklaring og iverksetjing snarast råd. Dersom ein ventar til februar eller seinare med dette, er utvalet uroa for konsekvensane for verksemder og tilsette innan eigedomsutvikling og bygg- og anlegg i kommunen.

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

### **Saksopplysningar:**

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

- organisering av næringsarbeidet/næringssjef
- orientering om scenarioanalyse Alver/Nordhordland